



Det kgl. Klima og miljødepartement
Postboks 8013 Dep
0030 Oslo

Salhus, 29.01.2019

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Innspel til ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken frå Museumssenteret i Hordaland (MuHo)

Det vert vist til Klima- og miljødepartementet sitt brev av 21. november 2018.

MuHo legg med dette fram sine synspunkt og vurderingar på vegne av institusjon som femner Norges første freda nasjonale kulturmiljø, Havrå, eit snart freda industri-minne, Salhus Tricotagefabrik, og 3 andre museum; Osterøy museum, nasjonalt leiande innan praktiske handverkskunnskapar knytt til oppstadveven, Vestnorsk utvandringssenter og Lyngheisenteret. Sistnemnde er eit nasjonalt kompetansesenter for berekraftig bruk av kystlynghei til mat – og ullproduksjon. Alle er kulturminne med høg og viktig kulturminneverdi av både lokal, regional, nasjonal og internasjonal verdi.

Å forvalte vår felles kulturarv, er ei særskild viktig oppgåve, både i dagens samfunn og for våre etterkomarar. Dei konsoliderte musea utfører i dag denne oppgåva med tung fagleg kompetanse i fagleg sterke museumseiningar. Museumsreforma som tredde i kraft i 2003/2004 har i særleg stor grad ført til profesjonaliseringa vi har i musea i dag.

Vi har tidlegare spelt inn at vi fryktar at ekspertutvalet sine tilrådingar vil svekke den nasjonale museums- og kulturminnepolitikken vi har hatt dei siste tiåra. Også i denne uttalen vil vi understreke kvifor det i arbeidet med ny kulturminnepolitikk må sikrast ein nasjonal overordna kulturminnepolitikk i det framtidige kulturarvsfeltet.

Vi meiner at det er helt avgjerande at også den framtidige museums- og kulturvernpolitikken *må* utformast nasjonalt. Vi fryktar at dersom den nasjonale overordna museumspolitikken vert oppløyst og forsvinn, vil det føre til ei tilfeldig og uføreseieleg framtid for kulturminna, både innan forvaltning, bevaring og formidlinga av dei. Vi meiner at det derimot heller vil styrke regionane å ha ein nasjonal overordna museums- og kulturminnepolitikk å støtte seg på. Den vil sikre armlengds avstand til lokale politikarar og mynde og på den måten sørge for vidareføring av eit profesjonelt museumsfelt i framtida. I lys av dette vil vi understreke at det er viktig at dagens øyremerka midlar til nasjonale kulturminne vert vidareført, som til dømes Riksantikvarens sine ulike Bevaringsprogram til utvalde kulturminne.

Utforming av ny kulturminnepolitikk bør bygge på ei forståing av at kulturarven også har verdi som kunnskapsgrunnlag for berekraftig ressursbruk og matberedskap, og initiere ein dialog på tvers av departement for å utforme ein aktiv politikk på feltet.

Dette føreset ei aktiv kopling av den ikkje-materielle, materielle og den biologiske kulturarven.

Ein bør legge til grunn dei praktiske erfaringane aktørane har for korleis ulike noverande lovverk vert handheva. MuHo frå si side har meir enn 20 års erfaring med Havrå som freda kulturmiljø. Vi kan slå fast at verken Kulturminnelova eller Naturmangfaldslova fungerer optimalt. Forvaltninga må våge å ta i bruk lovverk som er sett til å verne natur- og kulturarv, og dei må få meir tyngde i samfunnet sitt verdisyn knytt til vern.

Dersom det vert utarbeidd ei ny stortingsmelding utan nasjonale retningslinjer, er vi redd for nedprioritering av våre nasjonale kulturminne; Salhus Tricotagefabrik og det freda kulturlandskapet Havrå. For Havrå og Salhus Tricotagefabrik sin del vil vi understreke at Riksantikvaren framleis bør å ha det overordna ansvar for å administrere løyving, verneplan og ha overordna resultatkontroll.

Innanfor denne ramma ser vi også fordeler ved at dei nasjonale kulturminna kan bli administrert av fylkeskommunane. Ved at fagkompetansen som i dag er knytt til Riksantikvaren vert flytta ut kan det føre til ein større fagleg nærleik mellom forvaltninga og musea. Det vert lettare for forvaltingsmyndigheita å oppsøke og utføre synfaringar, noko som vil gi større forståing for musea sine utfordringar. Avgjerder kan takast raskare, men igjen, det må ligge eit tydeleg mandat og føringar når desentraliseringa vert iverksett, samt sikre naudsynt fagkompetanse knytt til dei ulike kulturminna dei er sett til å forvalte.

Ein ny (museums)- og kulturarvpolitikk bør ikkje utarbeidast før arbeidet med den nye kulturmeldinga er klart. Som kjent har Stortinget vedteke å gjere ei vurdering av museumsreforma og synleggjere framtidsutfordringar i eit heilskapleg museumstilbod. (Dokument 8:13 S (2016- 2017), Vedtak 486.). Desse prosessane må slutførast før forslaget om overføring av ansvaret for dei fleste musea til fylkeskommunane kan handsamast i Stortinget.

Vi vil til slutt be at dagens tredelte finansieringsmodell vert vidareført, det er dette som er den beste måten å styrke musea og kulturminna sin tunge og viktige samfunnsposisjon. Norge må framleis ha ein overordna nasjonal museums -og kulturvernpolitikk med særskilte løyvingar over statsbudsjettet.

Museumssenteret i Hordaland ber Regjering og Storting om å halde fram med å ha nasjonale retningslinjer innan kulturminnepolitikken og føre ein nasjonal politikk på dette feltet.

Med venleg helsing



Aud Mari Eitrheim

Konst.direktør